



Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2006 143	Doknr.: 101
Mottatt: 11 MAI 2006	MP/ SDD
Saksbeh.: MBP	Ark.: 713
Kop.:	Avskr.:

Det kongelige Landbruks- og matdepartement
Pb 8007 Dep
0030 Oslo

27. april 2006

Høyringsuttale. Forslag til endring av lov 15. juni 2001 nr. 75 om veterinærer og annet dyrehelsepersonell.

For å sikre tilgang til veterinære tenester i heile landet er ein heilt avhengig av å tilføre offentlege midlar. Og då særleg i område med store geografiske avstandar og lite dyr.

Lovendringa legg framleis opp til ei slik støtte, men nå gjennom ei auka ramme til kommunane som så i sin tur gjer avtale med veterinær. Etter dagens ordning vert dette organisert gjennom vaktområde, der veterinærane gjennom avtale med staten har ansvar for tilfredsstillande dekning på natt og helg. Ein har nettopp avslutta eit utvalsarbeid der ein har gått gjennom den kliniske vaktordninga utanom ordinær arbeidstid og kome fram til ei ordning utvalet meiner vil fungere tilfredsstillande. Denne ordninga er og med å "smør" ei tilfredsstillande veterinærtjeneste på dagtid i område med svakt markedsmessig grunnlag for privat veterinærpraksis. Ei overføring av ansvaret for veterinærtilgang vil då nødvendigvis skiple denne organiseringa og ein vil måtte starte på nytt, men nå utan den overordna "gulrot og pisk" moglegheten som dagens lov legg opp til. I område med gode markedsmessige tilhøve for veterinærpraksis vil nok dette kunne gå greitt. Veterinærane vil drive sin private praksis på dagtid og det vil truleg heller ikkje vere noko stort problem å få organisert ei vaktordning på natt/helg med eit tilskot frå kommunane – føresett at dette blir stort nok!

I meir grisgrendte strøk derimot kan ein tenkje seg at veterinær vil etablere seg i dei største sentra der bl.a. tilgangen på kjæledyr er størst. Det vil og då vere naturleg at veterinæren skøyter på med å ta produksjonsdyra i nærområdet og trekker til seg kjæledyrkunder frå ein større omkrets. Spørsmålet blir då: kor mykje må ein kommune som ligg langt frå dette senteret måtte betale for at veterinæren skal forplikte seg til å måtte køyre vekk heile dagen eller natta for eit sjukebesøk? Og vil den eller dei kommunane som ligg så sentralt at dei er godt dekkja vere med på eit spleiselag? Og korleis skal ein kunne ta omsyn til slike lokale skilnader i kriteria for rammeoverføringa til kommunane – Moglegheten for å lykkast vil mest vere avhengig av å ha ein veterinær med lokal tilknytning og "gamaldags ansvarskjensle".

Ideen om å tilsetja kommune (eller interkommunal) veterinær er og lite realistisk i desse områda. Avstandane blir ikkje mindre og dyretettheten større om veterinæren er kommunalt tilsett.

Konklusjon:


Ansvaret for tilfredsstillande tilgang på klinisk veterinærtjeneste bør framleis vere statleg. Gjennom sentrale tingingar med veterinærane sin organisasjon og gjennom dei lokale Mattilsyn sin kunnskap om tilhøva, vil ein ha dei beste føresetnader for sikre ein likeverdig tilgang over heile landet – til ein akseptabel pris.

Vi ser ikkje at ei overføring av dette ansvaret til kommunane vil tilføre kommunal sektor eit så stort lokaldemokratisk løft at det kan kompensere for den kjempeutfordringa enkelte grisgrendte område utvilsamt vil få i å oppfylle intensjonen i lovendringa.

Venleg helsing

Vest-Telemarktinget

Øyvind Tveit (sign) Olav Tho (sign) John Kleivstaul (sign) Torstein Tveito (sign) Olav Urbø (sign) Saamund Gjersund (sign)
Ordf. Nissedal Ordf. Hjartdal Ordf. Seljord Ordf. Kviteeid Ordf. Tokke Ordf. Fyresdal


Arne Vinje
Regionordfører, ordf. Vinje